



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 9

NOVEMBER 1978

28. årgang

Sverre Aalen:

## DÅPEN

Jesus står med favnen åpen  
for å ta imot de små.  
Derfor bærer vi til dåpen  
barna før de selv kan gå.  
Mødre bar sitt barn ved barm,  
la det ned i Jesu arm.  
Barna skulle han velsigne.  
La oss disse mødre ligne.

Men kan barnet da forsage,  
kan et spebarn eie tro?  
Noen ville bort dem jage.  
La nå Mesteren få ro.  
Jesus sier: Gjør det ei!  
La dem komme hit til meg!  
Ingen må nå barna hindre.  
Jesu ord skal for oss tindre.

Jesus lukker opp Guds rike.  
Riket hører disse til,  
barnet selv og barnets like,  
alle som enfoldig vil  
legge seg i Herrens hånd.  
Resten gjør så Herrens And.  
Barnet trygt lar Herren råde,  
så kan Gud få gi sin nåde.

Dåpens virkning er kun gave,  
og dens kraft er Jesu navn.  
Den er redningsbåt på havet,  
kun i den kan vi nå havn.  
Alle var vi kommet bort.  
Bare gjennom dåpens port  
går vi inn i ordets rike.  
Her er små og store like.

Hellig And, bryt mørkets våpen,  
bort fra barnet mørket driv!  
Født av vann og And i dåpen  
har det barnekårets liv.  
Her blir barnet ett med ham  
som på korset var Guds lam,  
dør med ham som bar vår brøde,  
oppstår med ham fra de døde.

## Jesu glede

I den samme stund frydet han seg i  
den Hellige And og sa: Jeg priser  
deg Far, himmelens og jordens herre,  
fordi du har skjult dette for de vise  
og forstandige og åpenbart det for  
de umyndige — — — Luk 10. 21.

### Hva var det Jesus gledet seg over?

At det ikke bare er de som er  
begavet og kunnskapsrike som  
kan bli frelst. Hvordan var det  
blitt dersom vi måtte ha et visst  
mål av kunnskap for å bli frelst?  
Da så det ikke lyst ut for mange  
av oss. Men nå har Gud i sin vis-  
dom laget det slik at endog dåren  
ikke skal fare vill. Jesus mener  
ikke at det å være lærd er det  
samme som at de ikke kan bli  
frelst. Han mener heller ikke at  
de ulærde er selvskreven til him-  
len. Jesus forteller oss at det er  
noe som er skjult for de vise og  
forstandige, men åpenbart for de  
umyndige.

### Hvem er umyndig?

Vi tenker i første rekke på  
barna, som ikke kan klare seg  
selv, men må stå under for-

---

La oss takke Gud for dåpen,  
alltid bli i dåpens pakt!  
Over den er himlen åpen,  
dette løfte står ved makt.  
Skulle noen falle fra,  
Jesus, vil du da ham dra,  
så vi alle, små og store,  
synger frelst i lousangskoret.

---

mynderskap. Det er også voksne  
folk som er slik at de må stå  
under formyndere. På det ånde-  
lige område er de ukyndige som  
mener seg å være så vise at de  
ikke trenger åndens åpenbarelse  
fra Gud til frelse. Den lærde  
Nikodemus sitter foran Jesus i  
nattens stillhet ganske umyndig-  
gjort. Saulus fra Tarsus tjente  
Gud med iver, men nå ligger han  
utenfor Damaskus omstrålet av  
et himmelsk lys helt umyndig-  
gjort. Umyndig er den som ved  
åndens lys får se at du ingenting  
har av det du skulde ha. At du  
ingenting vet av det du burde  
vite, og at du ikke kan gjøre noe  
til din frelse. Men at du bare må  
regne med det Jesus er, har, vet  
og kan. Dette er velbehagelig  
for Gud.

### Jesu glede består i å hjelpe oss å bære livets byrder.

Du strever med dine mange  
byrder. Den tyngste er syndens  
byrde som gjør at alle de andre  
byrder blir tunge. Men hør nå,  
Jesus har båret alle dine byrder  
i ditt sted. Han har betalt din  
syndegjeld hos Gud. Ikke noe  
annet skaper slik kvile som når  
du får se at det Jesus gjorde er  
evig nok for deg. Ta mitt åk  
på deg sier han. Et åk er et  
stykke tre som vi legger over  
skuldrene og bruker det til å  
bære med. Jesu åk er hans  
sakmodige og ydmyke sinn. Med  
dette åk blir de tyngste byrder  
lett.

Andreas Konstad.

## SLEKTERS GANG

## Døpte



## Orkanger

8. okt. Knut Ståle Skogstad  
8. okt. Kjetil Gjønnes, døpt i Stangvik kirke  
22. okt. Rita Hukkelås  
5. nov. Odd Christian Landmark

## Orkdal.

8. okt. May-Britt Orø, døpt i Grytten kirke  
15. okt. Richard Lund  
5. nov. Ketil Melås  
Lars Vuttudal  
Kari Therese Koss Arnkvern

## Orkland.

29. okt. Hilde Anita Hansen



## Vigde

7. okt. Geir Toré Nielsen og Unn Merete Wæge (vigd Bakke k.)



## Døde

## Orkanger

5. okt. Ola Evjensvold,  
17. okt. Ole Romme,  
13. okt. Albert Edvin Haugsand krem.  
3. okt. Tora Ebbesen,  
3. nov. Jenny Brandmo,

## Orkdal.

12. okt. Ivar Fandrem, f. 1897  
25. okt. Olga Dørdal, f. 1904

## Orkland

12. okt. Sigrid Lien, f. 1888

## Hva betyr dåpen?



## HVA BETYR DÅPEN

Når et menneske blir døpt vil det si at dette mennesket blir et Guds barn, — blir en troende, eller kristen om du vil bruke dette uttrykket. Dåpsdagen gir Guds rike som gave. Det er ikke presten som handler, men det er Gud som handler ved sitt ord og løfte.

## TRENGS DET IKKE NOEN INNSATS FRA DEN SOM BLIR DØPT?

Må ikke barnet tro for å kunne bli en kristen?

Den innsats som trenges fra et dåpsbarn er den som alltid trenges når vi får en gave, nemlig — at vi tar imot. Og barnet kan ta imot. Det er nesten det eneste barnet kan ta imot. Det er helt avhengig av at kjærlige hender steller og gir mat. Uten disse kjærlige hender ville barnet dø. Barnet lar seg stelle og tar imot det som blir gitt og lever av det. Et menneske kan derfor ikke bli en mer eksemplarisk Gudsrikerborger enn et lite dåpsbarn. Slik taler Jesus: «Den som ikke tar imot Guds rike som et lite barn, skal ikke komme inn i det».

Slik er det «å bli en kristen», å ta imot Guds gave og leve i den. Den innsats et menneske må gjøre er intet, bare ta imot.

## DA VET VI ADSKILLIG OM VÅR EGEN DÅP

Vi ble Guds barn da vi ble døpt, og har vi ikke forlatt vår dåpspakt så er vi fortsatt Guds barn. Hos oss er det derfor en god del mennesker som ikke tør kalle seg kristne, enda de er det. For dem skulle vi ønske at de ville stige inn i menighetens fellesskap og bli styrket i sin tro. Der som noen gjerne vil bekjenne troen på sin frelser, er det en god

måte å gjøre det på ved å delta ved nattverdbordet.

Å bli i sin dåpspakt vil si at vi har bruk for Frelseren. Da har vi en å gå til med vår mislykkelighet og våre nederlag. Svar på våre bønner gir han oss i Ord og Sakrament. Der kan vi finne hjelp til å leve for vår Gud og for våre medmennesker.

## DA VET VI HVORDAN VI BLIR GUDS BARN PÅ NY

Dersom vi har forlatt vår dåpspakt kan vi komme tilbake, og vi får da alt igjen som vi mistet da vi forlot vår Gud. Å komme tilbake vil si å fornye vårt «JA» til Gud som gir. Det spørres da ikke etter fromme prestasjoner, men Gud gir også den som er voksen gaven uten å spørre etter om vi fortjener det eller ei.

Når Gud står foran oss og vil gi oss Guds rike i gave, da må han få lov å komme til!

## SE, ALT DETTE ER DITT

Som foreldre og faddere til et dåpsbarn legges det et ansvar på oss. Vi må sørge for at barnet får oppdage gaven som det fikk i dåpen. Gjør slik som du ville gjøre dersom barnet fikk et skjøte på en verdifull eiendom. Du ville gjemme skjøtet til barnet begynte å forstå. Da kunne du ta skjøtet frem og fortelle barnet om verdien av skjøtet, og du ville ta barnet med ut på eiendommen og si: «Alt dette er ditt!»

La barnet få oppdage Guds gave og den rikdom det er. Ta dem med og vis dem Guds rike!

Skole og søndagsskole kan gi barna god kristen kunnskap. Men den kunnskap som erhverves i heimen er vel så vesentlig. Og det viktigste av alt, la barna få se og oppleve at Gud betyr noe for far og mor.

Johannes Valle

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjeren Jorhild Ljøkjel  
Agnes Singstad

Redaktør: Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo  
7330 Svorkmo.

## HEIMEN

«I heimen der hyggjer seg barnet best  
til heimen vil ungdommen stunde  
og mannen som sviver i aust  
og vest  
vil heller på heimferda skunde»

syng Ivar Aasen i ein visestubb.

Slik er det vel også dei fleste av oss kjenner det. Heimen er den mest grunnleggande av alle samfunnsfaktorar enda den er det minste samfunn. I heimen øves vi opp i kjærleik og gjensidig offer, i å vinna over avund og å løysa vanskar i samarbeid.

I heimen får barnet læra seg lydighet og å innordna seg, men det lærer også fridom, — ein fridom under ansvar.

I heimen ber vi saman om dagleg brød og takkar for det, og lærer at det ikkje er så sjølvsagt at vi alltid skal kunne ete oss mett. Verda ute kan fortelja oss det. Når vi sit ved bordet vil samrøda vera til like stor hugnad som maten er det. Ved bordet møtes vi og fortel kvar frå våre opplevingar. I ein god heim vil smil og glede fylle huset. Gjester vil vera velkomne, naboar og vener sjå tidt om kvarandre. Familiær som helt saman, vil halda saman om samfunnet.

Det finst statar som freistar nedkjempa familietradisjonen.

Også i vårt næraste grandeland er det sterke krefter i sving for å tillate ekteskap inngått på åremål. Slik strømingar i radikal lei syner seg også etterkvart i vårt land. Dette angrep på den gode heimen får vi møte med å laga mur av kristne tradisjonar ikring alt som vi nedervt gjennom generasjonar er vane med å setta høgt, — mor og far, heim og fedreland. Gud sjølv sette eit solid gjerde om dette da han i det fjerde bodet sa:

Heidra far din og mor di og det skal gå deg vel og du skal lenge leva i landet.

Og dette bodordet har synt si sanning gjennom alle hundreår sidan det vart sagt, både for den einskilde og for oss som samfunn. Så må vi halda fram med å be om signing over heimen morgon og kveld. Og vi må halda fram med å læra borna våre å gå på kyrkjeveg — heile familien ilag.

*Mor du hadde så mjuk ei hand  
når lindt du turka min tære.  
Dronning du var i mitt aveland  
Engelen ljøs imot fære.  
Mor — Gud øveleg signe.*

*Handi hans far min eg gløymer kje ho  
med fingrane krøkt av mein.  
Ho ligg og skin i mitt minne no  
så fin som ein perlestein.*

K. R.

## Praktiske råd om dåp

Foreldre som vil døypa sitt barn melder det inn til dåp på prestekontoret seinast laurdagen føreåt. Då må dei ha klårt kven dei vil ha til faddrar og kva barnet skal heita. Alle barn må ha minst to faddrar, men kan ha fleire. Det vanlege er fire. Faddrane sitt ansvar etter kyrkja sin orden, er at dei skal vera vitnar om at barnet har fått ein kristen dåp. Vidare skal dei «sålangt dei kan makta det» sjå til at barnet får ei kristen oppseding og dei skal be for barnet i bønene sine. Det er altså eit stort ansvar som

legges på faddrane, — så stort at alle foreldre må syte for å få faddrar som vil prøve å halda denne lovnaden. Ein kan også segja det andre vegen. Ingen må ta på seg fadderansvar om dei veit at dei likevel ikkje kjem til å be for barnet eller kjenna noko ansvar for fostringa.

Når det gjeld namneval, så bør vel borna prinsipielt få norske namn. Det er så mange gode, gamle og norske namn at det skulle ikkje vera nokon grunn til å velja namn frå romanar, namn som kling framande og er løyst frå norsk namnetradisjon. Mange foreldre spør seg vel og om dei skal «kalla oppatt» barnet. Oppkalling er ein vakker skikk og når dei som skal oppkallast har brukbare namn, så skulle det ikkje vera nokon grunn til å snu på namnet. Oppkalling er også ein sterk faktor til å binda ættledene saman. Mangein kårkone og kårkubbe har tint opp og gledd seg svært når odelsguten fekk att gamlenamnet. Oppattkalling er sjølvsagt også ein god utveg når det gjeld alle oss som ikkje bur på gardar. Vi treng kanskje i enda høgre grad å få ættekjensla fastbunden.

Skal barnet få eit eller fleire namn? Her kjem sjølvsagt smak og behag inn. Prinsipielt er eit godt norsk namn nok. To og fleire namn er berre til besvær i vaksen alder. Likevel finnst det årsakar for å gjeva to namn. Når ein gjerne vil kalla oppatt beste-foreldre og namna deira er noko nær ubrukande. Då gjev vi borna eit brukbart namn attåt.

Korleis skal vi så gjera det på dåpsdagen? Faddrane og barnet med foreldra kjem til rett kyrkjetid. Mora med barnet set seg i dåps-sakristiet og vil få vita av kyrkjetenaren når dåpen tar til. Dåpsfolket ordnar seg etter gammal sedvane og tar plass i midt-gangen under kyrkjelydens dåps-salmesong. Når vi i dåpshandlinga kjem til Herrens bøn (Fader-vår) nyttar vi den gamle skikk at faddrar og foreldre er med i denne bønalydeleg.

K. R.



## Orkland kyrkjelyd

### Samlingar for konfirmantforeldre.

**Onsdag 9. nov. kl. 20.00** startar vi opp med den første foreldresamling. Vi får besøk av res.kap. Wikse med eit svært avansert lysbildeopplegg. Det vert orientering om konfirmasjonen. Bevertning og andakt. Ut over våren skal vi ha minst 2 samlingar til der vi har meir kursopplegg og kjem til å ta for oss dei unges utvikling i konfirmantalderen. Generasjonsmotsetningskonflikter osv.

Møtestad: Svorkmo Misjonshus.

### Familiesamlingar

**Søndag 19. nov. kl. 16.00** startar vi opp med første familiesamling på Svorkmo Misjonshus. Det vert i skjemt og alvor. Mykje sang. Førskoleborna deltek. Konkurransar, utlodning, bevertning og andakt. Vi reknar med å få slike samlingar kvar månad.

**Onsdag 22. nov. kl. 20.00:** Ungdomsgudsteneste i Moe kyrkje. Konfirmantane er spesielt innbudt. Det vert sang av Orkdal Ungdomskor.

**Torsdag 23. nov. kl. 11.00:** Nytt eldretreff på Svorkmo Misjonshus. Denne gongen tek vi oss ein tur bak jernteppet og ser korleis folket lever i Øst-Europa. Som vanleg servering og andakt.

**Laurdag 25. nov. kl. 19.30.** Vi har Tenkveld på Misjonshuset. Oppslutninga er fin om desse kveldane. No kjem langfilmen: «Time to run». Den er fylt av spenning.

### Konfirmantfest.

**Fredag 8. des. kl. 19.30** får vi første konfirmantfest. Vi vil i år prøve med ei festleg tilstelling også på hausten. Det vert ein interessant Japan-kveld ved Arnold Ljøkjel. Bevertning. Kvelden vert i skjemt og alvor.

### 80 år i bygdas teneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

**Svorkmo  
Handelsamlag**

### Kvartalsmøte

for Orkladal Fellesforening for Indremisjonen 26.11. Program: Gudsteneste kl. 11 v. Harald Græsli og Kaare Rogstad. (Etter gudstenesta høve til å kjøpe middag i Megarden). Festsamvær kl. 14.30 i Megarden bedehus. Der taler: Græsli og Bakke Eidsaa.

### Møteserie på Fannrem

I tida 20.11 - 26.11 blir det møter i Megarden Bedehus kvar kveld kl. 20. Møtetalar: Bakke Eidsaa.

### Møteserie på Orkanger

Orkanger Indremisjon arrangerer møteserie i Menighetshuset i tida 30.11 til 3.12. Møtene tar til kl. 20. Hovedtaler: sekretær Toralf Aune.

### Bladstyret ber om at:

stoff til bladet blir sendt til redaktøren: Kaare Rogstad, 7320 Fannrem. Melding om adresseendringar til eks-peditøren: Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Innbetalningar til kasseraren: Einar Garberg, 7320 Fannrem. Alle meldingar må ha tydeleg påskrevne namn og adresse.

### Retting

I oktobernummerets liste over døde er det blitt ein feil. Fru Brit Ansnes var født i 1898.

Feil er det også blitt i kvitteringslista for innbetalningar. Det sto at Arne Corneliussen hadde betalt kr. 10. Det skulle stå Ase Corneliussen kr. 10.

### Kvar skal eg setje meg i kyrkja?

Det er klårt at ein og kvar set seg der han sjølv vil når ein kjem til kyrkje. Er det svært mykje folk, har ein gjerne ikkje noko val, men må ta til takke med den plassen som er ledig.

Er det derimot mindre tett med folk, står det fritt å setje seg mest kvar som helst.

Men ei smålåten, ærleg, lita bøn frå klokkar og prest, ja kyrkjekor og organist med, vil vi våge oss frampå med: Set deg ikkje så alt for langt bak i kyrkja. Sit ein under galleriet, er det sikkert at ein høyrer mindre til orgel og kyrkjekor enn om ein sit lenger framme. Og det er mykje truleg at ein høyrer mindre også av det som blir borte fram frå preikestol, altar og døypefont.

Bøna er, som sagt, lita og smålåten, men ærleg: Kom litt lenger fram! Gud signe din «framgang»!

(Kirkebl. Indre Nordmøre)

## Ansvar —Varde

har de beste forsikringsdekninger for avholdsfolk. Kontakt oss når behovet for skadeforsikring melder seg, om det er for hus/heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel eller traktor.

### REPRESENTANTER:

Brage Fagerli, Svorkmo, tlf. 84344  
Sigm. Haugset, Fannrem, tlf. 82362  
Johan Hukkelås, Fannrem, tlf. 82507  
Distr.sjef Ivar K. Gangås t. 82175

## Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

## Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir

Skolemateriell

Kjolen

finder De hos

## Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

## Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

# Har du hugsa å ta barnet ditt med til Guds hus?

## Ofte?

## Ofte nok?

Ja, for det var vel noko av det du lova, da du bar barnet ditt til dåp. —

„og lærer dei å halda alt eg har bode dykk —“ vart det millom anna sagt



## Samarbeid heim - skole - kyrkje

Alt i frå sjette skapningsdagen ordna Gud det slik at det var to utgaver av menneskearten — mann og kvinne. Det gjorde Gud for at heimar skulle stiftast og barn kunne veksa opp trygt og godt under mors og fars kjærleik — hegning og fostring. Sidan har det i alle kulturar og til alle tider vore slik at heimen hadde førsteprioritet i oppdragargjeringa.

Kyrkja (Kyriake = det som høyrer Herren til) kom også tidleg inn i fostringarbeidet. Når dei mange heimar kom saman til si gudsyndyrking og song lovsongstenen til Herren, Jesus Kristus — så var det allereide ein fostringsfaktor i seg sjølv. Attåt dette kom at dei unge laut lære korleis ein skulle leva i tilhøvet til nesten sin for å fylla Guds bod. Det store kjærleiksbodet: «Alt det du vil at andre skal gjera mot deg — det skal du gjera mot dei», vart ein fostringsfaktor som også dei mange heimar laut bygge på.

Målet for fostringa og fostringsmåten har skift etter tid og tilhøve, men alltid var det vel slik at mor og far ynskte seg barn og ungdom som skikka seg vel og kunne gå inn i dei oppgaver som foreldra sjølv hadde greitt opp med. Så har det vel og vore slik at heimar har lukkast eller mislukkast i fostringsarbeidet sitt. Også i vår generasjon er det heimar som er

mistrøstige over ungdomane sine. Dei vart ikkje heilt dei kjekke og reale unge kvinner og menn slik mor og far hadde vona. Og så spør foreldra: «Var det vi som ikkje heldt mål?» Slike samvettsspørsmål kan ikkje få eit eintydig svar, ja eller nei. Vårt samfunn er vorte så ihopfløkt og pluralistisk at ein vanskeleg kan spora alle røter til ungdoms (og foreldres) framferd. Massemedia gjev oss alle mogelege syns- og hørselintrykk frå morgon til kveld. Alle slag livssyn og livsmeiningar presenteres i vår eiga stue, før vi rett veit å sansa det. Alt er med på å forma oss — til godt eller vondt. Mest vil vel barnet og ungdommen ta farge av alt som presenteres. Alt var udelte mykje enklare den gongen det stort sett var vår eigen kulturkrins som ga fostringsmønsteret.

Gjennom den største delen av vårt lands soge fekk ikkje menneskja nokon annan skoloring enn ved eksemplets makt i arbeid og yrke — fritid og helg. Dei vart dugande menneske den gongen også. Det var kyrkja som skapte skolen for mangmannen. Kyrkja starta med konfirmasjonsundervisning i 1736, og frå då av laut alle som ville gifta seg vere konfirmerte — dvs. lære eit visst minstemål av kristendoms-kunne. Så fekk byar og bygder dei første skolemeistrar — klokkarar

og degner som skulle undervise barna i den naudsynte kunnskap. «Den Lærde Skole» hadde vi rett nok hatt i langsameleg tid. Men den var for dei få — for dei utvalde. No fekk vi al-mogeskolane for alle — kyrkja sitt ektefødde barn. Det er grunn til å understreka dette — no når radikale grupper krev at kristendom og alt kyrkja sitt vesen skal ut av skolen. Det vil seia at barnet undseier mor si. Samstundes er pressgrupper livande redde for at dei nye førskolane skal få øva kristen på-verknad på barna. I staden for bord-bøn må barna lære vordnad for dei livgjevande naturkrefter som gjev oss alt vi treng for å leva, blir det hevda.

På denne bakgrunnen er det godt å kunne visa til at i vår skolesoge er det

(Forts. s. 8)

### OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.  
Vi hjelper Dem med dette.

### Fotograf Kvarsnes

SE VÅR MUSIKKAVD. FOR  
ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger



Intervju vi Per J. Solem.

## Johanna Jamtgård

Trofast tjenerinne i Guds rike 81 år gammel og fortsatt formann i barneforeninga Fjellspiren. Vi har beveget oss langs Gangåsvannet til Asbjørnslettet, — og på et lite småbruk finner vi Johanna Jamtgård.

På et idyllisk lite sted med god utsikt over Gangåsvannet og grenda Asbjørnslettet ligger Teia eller Teien. Her bor Johanna sammen med Anders Foss, som var gift med Johannas søster Lava. Anders er heller ingen guttunge lenger med sine 82 år på baken, men han holder på med vinterveden idet vi kommer.

Vi treffer Johanna i full aktivitet på kjøkkenet og samtalen kommer igang. Vi spør når hun ble interessert i kristelig arbeid. Johanna forteller: «Det var vel etter at jeg ble omvendt det» sier hun. Hun var da 17 år gammel, og det var i 1917. Emisær Lossius hadde møter og det ble vekelse. Den ene etter den andre ble omvendt, og Johanna bestemte seg også for å følge Jesus. Hun ble nå aktivt med i arbeidet og fra 1926 var hun formann for Fjellspiren, og leder for søndagsskolen i Markagardane. Fjellspiren hadde da ca. 25 medlemmer. Etter hvert ble det stor aldersforskjell på deltakerne, for de som var med i starten på foreninga i 1908, fortsatte som medlemmer. I 1930 ble det så bestemt at de eldste skulle skille seg ut og danne en kvinneforening for samemisjonen. Denne foreninga fungerer også idag. Det var mange som reiste for samemisjonen på denne tida, så det var naturlig å velge denne misjonsgreina.

Barneforeninga ble nå mindre, men snart var medlemstallet oppe i 18-20 stk. igjen.

«Hva gjør dere på møtene?» «Det er en del praktisk arbeid som brodering, strikking og hekling, (før spann vi garn også) — så synger vi en del og leser fra misjonsblad og barneblad, og så har vi andakt da!»

Johanna har et usedvanlig godt minne. Hun nevner detaljer for 50-60 år siden — som det skulle vært i går. I tillegg til barneforeninga har hun altså ledet søndagsskolen helt til for noen år siden, og vært med i sameforeninga eller kvinneforeninga som den blir kalla i dagligtale. Hun var dessuten med å stifte ungdomsforeninga «VårLiv» — som er i aktivitet også idag.

Johanne viser meg diplom for trofast ledelse av Fjellspiren i 40 år, men det er lenge siden — over 10 år siden, og fortsatt er hun leder.

«Hva synes du om kristendommens stilling i dag?» «Det er vel mindre møtevirksomhet, — mindre bønnemøter, folk er ikke så



Tatt i 1928 før foreninga ble delt.

Øverst fra venstre ser vi: Marit Dørdal, Hanne Ødegård, Marit Asbjørnslett, den fjerde på bildet er fr. Gjervan som stilte opp i stedet for Eli Asbjørnslett, Johanna Jamtgård, Klara Stokkan, Lava Jamtgård, Anna Ødegård, Johanna Stokkan og Eli Fandrem.

2. rekke fra venstre: Gjertrud Stokkan, Karen Graven, Anne Vinterdal, Johanna Snildal, Jenny Blåsborg, Oline Vuttudal, Marie Vuttudal, Ingeborg Dørdal og Marie Dørdal.

1. rekke fra venstre: Annemarta Vinterdal, Karen Søterbakk, Gunvor Rørstad, Eli Stokkan, Jenny Gjønnes, Anna Vuttudal, Karen Stokkan, Johanne Dørdal, Signe Oddlie og Johanna Asbjørnslett.

### SØLVVARER

til  
BARNEDÅP BRYLLUP  
KONFIRMASJON  
Gullsmed

John  
RØHME

7300 Orkanger

opptatt med kristendommen nå som før.

«Hva gjør livet verd å leve?» «At man har Jesus som leder og at vi bryr oss om hverandre. Det at en har en oppgave å arbeide for.»

Vi takker Johanna for samtalen og føler at vi har møtt en «engel på jord», som en så karakteristisk kalte henne.



Barneforeninga i dag.

## De hyrder stirrer i natten ut

heiter ein av julesalmene i Landstad reviderte salmebok (nr. 112). Diverre har den vorte lite brukt landet vårt over, avdi den som melodi har eigd same tone som «JEG VET MEG EN SØVN I JESU NAVN». Denne melodien assosierer de fleste av oss med sorg og saknad. For nokre år sidan skreiv

Hallvard Morken ein ny melodi til denne salmen — ein melodi som fanga inn både den fine teksten og jula sin store glede. I tre julehøgtider har vi no i Orkdal sokn hatt gleden av å kunne nytte denne fine salmen på Morkens vakre tone. I von om å kunne dele vår glede med fleire — tar vi med noten i dette menighetsblad. Her er den til innøvelse og bruk:

K. R.

De hyrder stirrer i natten ut

De hyr-der stir-rer i nat-ten ut og løy-es til dag-ens kom-me. De bed-er er bøn-til der høy-es-te Gud at nat-ten må va-re om-me, De tid-er de skrid-er så lang-somt hen for al-te vent-en-de from-me.

## Gåver til bladet

Utanbyggs:

Oslo:

Rikard Skjenald, Kallbakkslyngen 16, Oslo 9 40. Vigdis Vormdal, Waldemar Thranes gt. 64 c, Oslo 1 20. Anne og Odd Bakken, Bøvelia 54, Oslo 6 20. Ragnhild Fagerli, Diakonisseh. spl. skole, Lovisenberggt. 15, Oslo 4 20.

7000 Trondheim:

J. Almli, Østre Halsetvegen 6 B 50. Edv. Tronvold, Dronning Asas vei 1 30. Signora og Martin Vatslag, Fjøsli 2 B 100. Eli og Anders Fossbakk, Odenseveien 21 20. Hanna og John Olav Stubban, Prestegårdsvn. 5 30. Olga Fånes, Solhøgdevegen 33 20. Reidar Ulseth, Lauritz Jenssens gt. 10 50. Dorthea Harrang, Østre Ila 1 15. Inger og Håvard Forren, Bakkehellet 3 20. Bjørg

Jarstein, Sildråpevegen 25 A 20. K. Wormdal, N. Hallsetveg 62 20. Kristine Raaen, Utlertunet 26 D 20. Olaf Havdal, Fjøskesterv. 1 c 25. Sig. Rektorli, A. Garborgsv. 1 20. Anne Hovsbakken, An-Magrittsv. 9 E 20. Solveig Bliksås, Moholtsvingen 20. Bjørg Hegstad, Eli Sjurdotterv. 25. Ragnhild Isdal, Havstadvn. 3 c 25. Johanna Rånes, Kystadv. 4 20. Ragnhild Johansen, Havsteinfl. 17 F 25. Nils Haugen, Hans Nissens gt. 2 15. Jorid Landrø, Båhusgt. 2 A 20. J. Kjøren, O. E. Allé 57 20. Olaug Paulsen, Gildheimsv. 2 B 20. B. Langvik, Wessels gt. 2 30.

7370 Selbekken:

Marie og Ole Ingdal 20. Astrid Oidervik, Ingdalen 20. Ingeborg Ingdal 20. Ragna Ingdal, Ingdalen 20. Leonard Singstad 20. Gerd Landrø 20. Hanna Meland, Ingdalen 80. Ester og Olav Feragen 20. Gunhild Ingdal 20. Else Ingdal, Ingdalen 10. Morten Sletvold 20.

Ymse postnr.:

I. A. Morken, Skaun 20. Ellen Richter, Tyrihansv. 2, Charlottenlund 25. Oddbj. Sundli, Kvernhusneset 6, Sundalsøra 20. Ingebrigt Svorkmo, Oppdal 25. Aud og Anton Lund, Vinkelen 1, Tynset 20. Gunnhild Bakkenberg, Innset 15. Erling Johansen, Sakshaug 50. Arngrim Asphjell, Granhaugan 4, Sjetnhaugan 30. Jenny og Knut Bjørndal, Isfjorden 25. Marta Husby, Stadsbygd 20. Margrete Kanestrøm, Frønavn. 12, Molde 20. Oline Mjøen, Storås 20. Aashild og Magnar Singsdal, Eggkleiva 20. Guri Eggan, Trombonev. 25. Vikhamar 20. Agnes og Erling Svorkmo, Mølnbukt 20. Aud Løvold, Sykkylven 20. Ingebjørg Storvik, Jendem,

7300 Orkanger:

Terje Skjetne 20. M. og A. Dahlø 20. John M. Gjønnes 40. E. og H. Solheim 25. Johanna Haugen 10. M. S. 100. B. og O. Benum 25. K. og S. Svanem 25. Borghild Andersen 10. Sverre Kvernmo 20. Martin Jensen 20. Kari og Jan Angelsen 20. Thv. Jensen 20. Ella og Bjarne Røhme 20. Mette Elshaug 20. Jorunn Eggen 20. Aslaug og Johan Gjønnes 20. Petra og Ingv. Togstad 20. Dordi Kvernød 20. Otto Sæther 20. Gerd Olsvik 20. Ole J. Tungen 20. A. L. og C. Iversen 20. B. og M. Karlsen 20. M. og E. Karlsen 20. Elfrid og Olaug Sandgrind 25. Ole Karlsen med fam. 25. Ingebrigt Nervik 20. A. R. Bakken 10. Johan Øien 20. B. O. Spjøtvold 20. Margrete og Johs. Fosslund 25. Anne og Egil Oddli 100. Solveig og Birger Solem 20. Erling Slupphaug 20.



## Velkomen til kyrja

19.11 27. s. e. Pinse

Orkanger k. kl. 11 Høgmesse v. res. kap. Aasen. Offer til Søvasskjølen Fjellkyrkje.

Moe k. kl. 11 Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Israelsmisjonen.

22.11 onsdag

Geitastrand k. kl. 20. Gospelkveld. Lensvik Gospelkor/Reidar Edvin Grande. Kollekt.

26.11 28. s. e. Pinse

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. kretssekrt. Harald Græsli og prost Rogstad. Offer til Indremisjonskretsen.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Offer til menighetsarb.

Kjørmoen grendstuggu kl. 11. Gudst. møte v. res.kap. Aasen.

3.12 1. s. i advent

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til Norges kristelige Ungdomsforbund.

Orkanger k. kl. 19. Lysmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Offer til Ungdomsarbeidet.

Moe k. kl. 16. Lysmesse v. res.kap. Aasen. Offer til Ungdomsarb.

10.12 2. s. i advent

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Nattverd. Offer til nytt menighetshus.

Orkdal k. kl. 20. Lysmesse v. kateket Solem og res.kap. Aasen. Offer til ungdomsarbeidet.

Geitastrand k. kl. 20. Lysmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til Ungdomsarbeidet. Buss frå Råbygda.

John Stokkan 20. Olga Skarholt 10. Klara Walstad 10. Magne Kristiansen 30. Haldis Hagen 30. Olga Espen 20. Ida Tungen 10. Jorun Vikaune 20. Liv og Knut Fossum 30. Ingeborg Øyum 30. Marit og Olaf Olsen 20. Kristmar Levin 30. A. Sporild 20. Knut Snildal 20. Olga og Ingv. Monsen 20. Astrid og Arvid Røhme 20. Oddny og Asbjørn Lilleås 20. Iver Ustad 20. Alb. Hagen 30. Frida Lillesand 20. Janna Karlsen 30. Karsten Sommervold 20. Hans Evjen med frue 20. S. Langseth 20. O. F. Sundli 20. Mille Bakken 20. Helga Sørdal 10. Marta Tverdal 30. Astrid og Kr. Rømme 20. Kjell Lorentzen 20.

Hjertelig takk!

## Samarbeid - - -

Forts. fra s. 5

kyrkja som ga skolen mandatet til å stella med kristendommens trus- og morallære. Skolen fekk altså oppdraget av mor si — kyrkja. Skulle skolen nokon gong segja frå seg oppdraget, så lyt kyrkja syte for denne oppsedinga på anna vis. Her er det heimen kjem inn i mønstret. Det må nemleg slåast fast at det er mor og far som etter skaparordninga fekk det opphavslege fostringsmandat. FORELDRE-RETTE TIL FOSTRING MA STA GRUNNFEST FRAMOM NOKO ANNA. Foreldra ber barna til dåp. 97% av dei norske heimane gjer det enno. Slik ber dei kyrkja hjelpe seg med den kristne fostringa. Kyrkja har så dele-

gert noko av kristendomsfostringa vidare til skolen. Slik får vi samarbeidsfaktorane — heim, skole, kyrkje.

Det er klårt, sikkert for alle at ingen kan forma barnet så godt som foreldra. I dei mange hundretusen heimmar landet vårt over var det nok mor og far bestemor og bestefar som lærte barnet den første kveldsbøn og den første bordbøn og fortalste om Jesus Kristus som Herre og Frelsar og fostra barnet til å syna omsyn for nesten — for medmennesket. Dei mange gode kristne heimane i landet vårt er slik samfunnet sin ryggrad. Slik så kan vi aldri overvurdera heimen sin betydning. Og likefullt så kan aldri den ein-skilde heimen lastas om ein mislukkast, eller rosas om ein lukkast. Miljøfaktorane er for mangslungne til det. Men det er summen av dei tusen heimmar — som har skuld for godt eller mindre godt resultat.

Så ser vi også for auge dei mange trufaste lærarfolk som stod rundt i skolehusa våre år etter år og gråna i hår og eldest i kropp medan dei gjorde godt arbeid. Korleis skulle det ha vore med oss utan alle dei kallsbevisste lærarfolka. Eksamenspapira var vel ikkje like gode for alle, pedagogikken ikkje like klår. Likefullt lærte dei i alle fall ei oppveksande ætt vørnad for det heilage og DEN HEILAGE, JESUS KRISTUS. Ikkje alle dei lærarfolk eg har kjent ville våga å kalle seg personleg kristne, men dei var SOLIDARISKE. Kvar morgon song dei eit salmevers og bad ei bøn med elevane sine,

og dei slutta gjerne dagen like eins. Dei fleste av oss som no er komne eit stykke ut i åra, hugsar med kjærleik dei mange salmane vi lærte ved å synge dei inn, og med den same kjærleik hugsar vi læraren som lærte oss dei. Enno er det mange unge lærarar som på same vis praktiserer skoleloven sin intensjon, og det gler vi oss over. Om den dagen kjem at det blir slutt på dette, da sluttar kristenkulturen i skolestova, og da senker det store mørket seg ned over landet vårt. Det er også lov å tru at ei kristen omraming av skoledagen heng nøye saman med ro og orden i klassen — slikt som vi kallar disiplin.

Den tredje faktor — kyrkja og kyrkja sine menn? Å ja, det har vel vore, og vil vel vera vise og uvise tenarar mellom dei også. Likevel kjenner eg stor vørnad for mine yrkesbrøyr gjennom forgagne tider kvar einaste gongen eg kjem inn i sakristiet i ei gamal kyrkje. Da ser eg dei for meg. Dei bar sin stafett frå ætt til ætt — dårleg eller godt —, vel dei bar den. Den bæres vidare i vår generasjon.

Om heim, skole og kyrkje saman kunne makte å få borna våre og dei unge glade i fedrane si kyrkje og den kristne kulturarven, så har vi vunne alt. Ungdoms moral og ungdoms framferd er uløyselig knytt til det livssyn eller mangel på livssyn som dei unge måtte ha. (Dette gjeld sjølv sagt oss eldre også). Trur ein ikkje på Gud — så held ein heller ikkje dei bod Gud har gjeve. Sett på spissen — kan ein segje det slikt — at det berre er den kristne ungdommen som kan heidra mor og far.

Alle foreldre vil at barna skal få den best mogelege start i livet, men mange trur at ein god start berre kviler på god utdanning og god økonomi. Sjølv sagt kan det vera verdfulle faktorar å ta med, men mest er det karaktervoksteren og åndsvoksteren det kjem an på. For å slutta slik ein far sa det til son sin på konfirmasjonsdagen:

«EG YNSKJER AT DU MA GJERA DET GODT I LIVET GUTEN MIN! MEN MEIRE ENDA AT DU MA VERTA GOD, DET KAN BERRE FRELSAREN LÆRA DEG.» K. R.

### SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.